

VARHAUGBUEN



VARHAUG MISJONSKIRKE
SIDE 20-21

HALLOWEEN I LØR
SIDE 26-27

HEFTIG OG BEGEISTRET
SIDE 32



NM - KANINAR SIDE 38

HURRA FOR IDEN!



Me treng noko normalt

Me treng noko stabilt og trygt

Me treng å bli møtt med varme smil og eit hei.

Me treng å tulla og vasa og egla og lyga litt og å le.

Me treng pause frå Dagsrevyen.

Me treng å få opp pulsen - på den gode måten

Me treng å halda saman og vera saman og vera best saman

Me treng alle laga og organisasjonane i bygda vår. Me treng Varhaug Idrettslag meir enn kanskje nokon gong før.

Og nå har Iden forsyne meg passert 90 år. Det er litt av ein alder, tenkjer eg.

Varhaug-bygda og Varhaug Idrettslag. Kva er eigentleg forskjellen?

Svaret er kort. Det er ingen forskjell! Varhaug og Iden høyrer i hop. Som hand i hanske. Som fot i hose.

Og i dag er der ingen mur eller usynlege barrierar. Engasjementet er ulikt, sjølvst, men heile bygda slår ring om Iden. Og for meg er det heilt fantastisk å kunna konstatera at same kven du er, kva du trur på eller ikkje trur på og koss du ser ut og koss du er i form og kor gammal eller ung du er, kan du møta på Iden og vera ein del av fellesskapet.

Anten du er der for å spela tennis eller drikka ein kopp med kaffi og få ein god drøs med på kjøpet. Eller du skal på møte med handballstyret - eller du kjem halsande i siste liten for å nå zumba-timen.

Der er mykje som har endra seg sidan ei lita fotball-løkke i stasjonen vart leigd for 20 kroner då laget vart etablert i 1932. Sjølv om det monumentale bankbygget, Stasjoen Pub, var nytt dette året, var tidene elendige.

Dårlege tider er gjerne tider for kreativitet. På ein grusveg-sykkeltur heimover frå ei fotballtrening på Nærbø fekk varhaugbuane Jonas Reiestad og Johannes E. Reiestad ideen om å starta eit fotballag i bygda vår. Det var starten for Varhaug Idrettslag.

Året etter, i 1933, var det 45 vaksne medlemmar og 21 barn i laget.

Det er som å få slått ut pusten etter eit velretta slag i mellomgolvet. For boksing var den første idretten utanom fotball i regi av Varhaug Idrettslag.

H.H Skeie var nettopp komen heim til Bjorheim frå Amerika der han hadde drive med proffboksing. Betre instruktør var det vel ikkje råd å få. Og seinare var H.H Skeie mykje brukt som vakt på dansane. Av gode grunnar, kan me vel seia.

Pengar følgde med i den magre kassen til laget. For eksempel då det, antakelig i 1934, vart arrangert dans kombinert med bokseoppvisning - i ei løa på Bjorheim.

Me gjer eit hardtslåande kvantesprang fram til i dag. Frå den spede starten har dugnadseventyret blitt eit anlegg på 80 mål med 1.700 medlemmar. På Varhaug. I bygda vår.

Det har vore litt av ei reise gjennom 90 år. På 1930-talet var husa bitte små typiske jærhus med kanskje ei lita vaklevoren trapp opp til eit lågt loft. I dag har me mange høge hus her på Varhaug. Og i enkelte av dei er det til og med heis. Tenk heis. På Varhaug, akkurat som i New York. Harrlega London!

Eg stod i ein heis på Varhaug ein tidleg kvardagskveld. Akkurat i det døra begynte å stenga opninga, smatt det inn ei jente. Ho kan ha vore ti år. Kor ho hadde vore, kunne eg sjå. Grøn trøye, grøn kortbukse og grønne sokkar. Ho var andpusten med ytterjakken halvegs på og håret i vill uorden.

Ungane på Varhaug i dag er mykje høflegare enn eg nokon gong har vore. Det var ho som sa hei først.

- *Har du vore på trening, sa eg, medan heisen gjorde eit rykk oppover.*
- *Ja, sa ho.*
- *Fotball, spurte eg.*
- *Ja, var svaret også denne gongen.*
- *Er det gildt, følgde eg opp.*
- *Ja, svara ho for tredje gong, og serverte eit smil frå øyra til øyra.*

Me opplever små augneblink som på ein eller annan forunderleg måte set spor. Denne jenta og denne augneblinken sette eit spor i meg. Hudfargen avslørte at ho har opphavet sitt frå eit anna land. Kroppsspråket avslørte pur lukke og ekte glede - av den typen som kjem innanfrå.

Ho er ei strålande Varhaug-jente som høyrer til i eit fellesskap. Som har eit nettverk på Iden. Som kan spela fotball med venner og sykla heim og ta heisen og vera trygg og glad og «allre bitten» redd.

Opplagde småting for oss på Varhaug, men me skal ikkje sjå på meir enn éi nyhendesending for å konstatere at å vera trygg og leva utan frykt eigentleg er uendeleg stort.

Varhaug Idrettslag leverer det aller beste til bygda. Ein plass å høyra til. For bygdafolk. For ungene våre, barnebarna våre og framtida vår. Så, anten du bur på Marsteinsbakken eller på Trånerudlå. I Sælendsbakken, på Elgane, Ueland eller på Husveg eller i Stasjonen: Takk til kvar og ein av dykk som i stort og smått gjer dette mogleg, og som har gjort dette mogleg gjennom 90 år. Hurra for Iden!

HEILT KONGE!

Sjur Håland

For eigen del plar eg ikkje gå småsur til sengs, men det er nok heller sjeldan at eg ikkje ein gong greier tørka vekk småfliren med handkledet etter tannpussen.

Heilt konge blir det fort når Hans Majestet inviterer stortingsrepresentantane og anna fint folk til middag på slottet. Talekunsten til Harald Rex er i ei særstilling. Og når han fortel at straumsparringa har ført til at Slottet nå vurderer å legge overskotsenergien frå Dronninga i kablar, er det berre ein ting å gjera. Gi seg ende over og takka kongen for at han med sin fantastiske humor bidrog til at dei av oss undersåttar som fekk med seg talen, kunne krypa til sengs tre timar seinare med eit breitt smil om munnen.

I desse tidene treng me ekstra påfyll av humor. Eg vil i tillegg til Kong Harald, takka ein annan heiderskar som eg hørde då Varhaug Idrettslag feira sitt 90-års jubileum, nyleg. Ottar Varhaug løfta den allereie gode stemninga på scenen eit ytterlegare hakk då han fortalde om gamle Johan som hadde fått seg nytt høyreapparat. Johan skrøyte hemningslaust av det tekniske vedunderet som ikkje var stort meir enn ein tynn tråd som gjekk inn i øyra. Han fortalde gledestrålande om miraklet til ein kompis han trefte på Coop.


- *Nå høyrer eg til og med når graset veks, sa Johan.*

Kompisen var mektig imponert.

- *Kva kostar slikt, ville han vite.*

- *Kvart over fire, svara Johan.*

(Denne snutten har tidlegare stått på trykk i Bondevennen)



DEN NYE SJEFEN I HÅ

I sist nummer av Varhaugbuen, skreiv me at Rune Kloster Tvedt, 58 år, tok til som ny rådmann i Hå 1. september. Og at han kom frå rådmannsjobb i Sauda.

Alt dette var sant, berre ikkje namnet på jobben, så dette får eg nå retta på.

Tvedt starta som nemnt i jobben 1. september, og då som **Kommunedirektør**.

Eg visste vel at namnet hadde vorte endra, men skreiv nok berre rådmann av gamal vane. Og det trur eg nok folk flest framleis vil gjera. Kommunedirektør er nok eit namn me må venna oss til etter kvart.

Når eg tenke på dei direktørane eg kjende frå Bryne, så var dei sjefar for ei stor bedrift eller ein fabrikk.

Og det er jo nett det Rune Kloster Tvedt nå er; direktør for Hå kommune, ein stor arbeidsplass med mange avdelingar og ca. 1900 tilsette. Når eg tenker slik, seier jo namnet kommunedirektør, seg sjølv.

Stavanger har vore oppvekst og buplass for Tvedt, like fram til nå, då han og kona nyleg flytta til Randaberg. Nå bur dei meir landleg, men likevel ikkje langt frå byen. Tvedt er far til tre vaksne gutar på 37, 32 og 27 år.

Då han sa han hadde flytta til Randaberg, kommenterte eg: «Då får du jo like lang køyrveg som Berge lms». Men slik hadde ikkje Tvedt tenkt det. Han køyrer til Mariero, og så tek han toget til Varhaug. Ein ganske både lur og smart reisemåte, tenker nå eg. Det må vera ei lette å sleppa den biltrafikken det er morgon og kveld, både til og frå Varhaug.

Når eg skriv om nye folk i bladet, veit eg at leserane alltid lurar på om dei har slekt eller noko anna på Jæren. Og på det spørsmålet svarer Tvedt at det næraste han kjem til Jæren, var at ei moster vart gift på Orre. Men så har han ei søster som er tilsett i eit prosjekt i Jærkommunane der dei arbeidar for felles reglar for kommunane, når det gjeld fosterheimar.



Me løftar i lag, det er ord som passer inn i Tvedt sitt samfunnsengasjement. Dette har nok vore med han heile tida frå studenttida, der han lenge var leiar i studentorganisasjonen, og vidare til dei jobbane han seinare har hatt.

Tvedt fortel om 5 gilde og spennande år i Sauda, som nok er ei ein heilt annan kommune enn den han er komen til nå. Det som talde mykje då han søkte i Sauda, var nærleiken til fjellet, og moglegheita til turar, då ikkje minst om vinteren med skigåing.

Tvedt har og vore tilsett 11 år i KS – Kommunens Sentralforbund. Der arbeide han med lokal samfunnsutvikling, og opplæring av nye politikarar.

Han har og vore Helse- og sossialsjef i Flekkefjord kommune i 6 år, og den erfaringa kan det nok vera godt å ha med seg i vår kommune og.

Tvedt kjenner Hå som ein veldriven og effektiv kommune, og det er eit godt grunnlag for å vidareutvikla gode levekår for folk.

Tvedt er oppteken av ungdom og utdanning, og han er fasinert over Hå sine mange tettstader. Desse ser han fram til å verta kjent med etterkvart.

Varhaugbuen takker for eit gildt drøs, og håper me får koma tilbake igjen, når han har vorte «skikkelg varm i trøya».

LIV



Varhaug idrettslag

Vi er så heldige å få ha Julekonsert på Iden med Onar og Kathrine med band. Alle inntekter går til vårt inkluderingsfond som gir barn mulighet til å drive med idrett uavhengig av familiær økonomisk situasjon.

Billetter kan kjøpes i vår nettbutikk: <https://www.vil.no/butikk/>



FRÅ REDAKSJONEN

Så går det mot advent og jul, og eg held på med siste nummeret av bladet i 2022. Kor har nå dette året vorte av?

Nå har me hatt godt med regn i det siste, så nå vert det nok lysare tider for straumen. Det er omtrent berre dyre straum, dyre mat og krigen i Ukraina me les om i avisene, eller dei snakkar om på TV. Heldigvis er det nå EM i handball, som eg kan kosa meg med. Når eg nemne handball, går tankane mine til «gutane t Rune på Nærbø», som har klart det igjen. For ein prestasjon!

Vil takka alle som har levert stoff til bladet og for alle godorda eg får frå lesarane, og ynskja alle ei fin jul og eit godt nytt år.



**FOTO
KLUBBEN**





Status Varhaug Skulemusikkorps

Våren 2019 ble det tatt en tung avgjørelse i Varhaug Skulemusikkorps, nemlig å legge ned korpset. Vi hadde i mange år slitt med dårlig rekruttering. «Det er så mye dugnad når ungene går i korpset» var også en frase vi fikk servert relativt ofte av bygdefolket, noe vi gang på gang prøvde å avkrefte, men til liten nytte. Vi har nå hatt noen år i bygda uten korps. For egen del må jeg jo si at 17.mai, Julegrantenning, diverse julemesser, i kirken på jul osv. ikke er helt det samme uten korpsmusikk, eller med et innleid korps.

Reglene i Norges Musikkorpsforbund er at før et korps legges helt ned, må det ligge i dvale i fem år. Det må også avholdes to årsmøter i det fjerde og femte året før et endelig vedtak om nedleggelse kan vedtas. Til våren går vi det fjerde året i møte.

Så det er enda ikke for sent å få korpset opp å gå igjen. Det finnes mange instrumenter, det finnes fine uniformer og mye utstyr. Korpset har i tillegg en meget god og sunn økonomi. Dersom korpset legges helt ned- vil trolig disse midlene tilbakeføres til avsendere. Så om noen har lyst til å dra i gang korpset igjen, så er det NÅ det burde gjøres!

Ta gjerne kontakt om nettopp du vil gi barna i bygda en mulighet til å delta i et sosialt og musikalt fellesskap uten innbytterbank!

For Styret i Varhaug skulemusikkorps.

Kjartan Aanestad



FÅR ME TIL KORPS IGJEN PÅ VARHAUG?

Viser til innlegget til Kjartan Aanestad

På Vigrestad har dei heller ikkje korps lenger, men 17.mai var det to damer som sette i gang noko, som eg tykte var veldig positivt. Som korpsmor gjennom mange år, er korps noko eg verkeleg brenn for. Kvifor sitja på kvar si tuve og kava med dette? Kanskje ein skulle prøva med noko heilt nytt?:

Å få til eit korps saman med Vigrestad?

Eg sender den ballen tilbake til Kjartan. Liv



MED HJERTE FOR VARHAUG

**Som mange
på så øker utgiftene.**

**er høy, renta går opp, maten blir dyrere og
drivstoffprisen ser ikke ut til å bli mindre.**

For mange av oss så betyr dette bare at vi får litt mindre frihet til å kjøpe andre ting vi ønsker, men så er det også mange av oss der dette betyr større utfordringer. Det kan bety at det rett å slett ikke er nok penger til de ting som vi alle må ha. Mat er enn av disse tingene. Vi i Varhaug misjonskirke har begynt å samarbeide med «Med hjerte for Vigrestad» Disse henter mat inne på Matsentralen på Sandnes for så å kjøre dette ut til de som har behov for det. Dette gjøres en gang i uka, og alle får enn kasse med mat etter behov. Det variere hva og hvor mye som er i kassa fra gang til gang.

**kjenner
Strømprisen**

De som mottar mat, er ulike, og har ulike grunner. Vi har taushetsplikt på hvem som får, men vi ser opp til dem som tørr å vise sårbarhet og spørre om mat.

Kjenner du noen, eller trenger du selv litt hjelp til å få enden til å møtes? Da kan du kontakte Arvid Vigrestad på 92653608, det er han som styrer dette.

Vi skulle også hatt flere til å hjelpe med å kjøre ut matkasser. Har du lyst til det, kan du kontakte meg Terje Vik 917456992.

Terje Vik, Varhaug Misjonskirke

D.B. FOTPLEIE

Varhaugbuen har vore på besøk hos Dorte Bø eller D.B. Fotpleie. Ikkje for å stella føtene, men for å ha litt drøs til bladet.

Mange kjenner kanskje Dorte frå handballbanen, eller som ryddehjelp hos tidlegare Hege & Heidi, eller kanskje frå barnehagen?

Dorte Bø er ei frisk ung dame på 25 år, som nå kan tilbyd folk på Varhaug hjelp til å fiksa både føter og hår.

Ho er fødd og oppvaksen på Varhaug, og foreldra er Hege og Jan. Med både foreldre og besteforeldre engasjerte på Iden, var det vel ikkje rart at Dorte og hamna der, som handball-spelar.

Dorte hadde planen klar for yrkesvalg, og starta tidlig som ryddehjelp i frisørsalongen til mora, og tok fagbrev som frisør i 2019. Men Dorte er ei allsidig dame, som både har arbeid eit år i Haugland Gardsbarnehage og som vikar i barnehagen i Lensmannsløa.

Då koronaen kom, og barnehagen vart stengd, tok Dorte eit viktig val; ho reiste til Bergen og utdanna seg til fot-terapeut. Så nå har ho altså «to bein å stå på». Nå har ho starta for seg sjølv og steller føter i eit fint lokale i bygget til Kornelius Odland, måndag-torsdag. Og så er ho frisør fredag/laurdag i salongen til mora, om ho ikkje er oppteken med handballkamp. Det vert nok ein balansegang mange gonger for å få kabalen til å gå opp, for det er ikkje alltid at kampene vert spelt i Rogaland, nokre gonger må dei til Sørlandet.



Det vert nok ikkje mykje fritid for Dorte, med to yrke, trening og kamper, men det er utruleg kor mykje ei ung dame klarar. Og ho seier ho trivs godt når det er mykje på gang. Når ho skal slappa godt av, koser ho seg med «spøde».

Dorte starta med fotpleie i starten av oktober, og så langt har det vore godt med arbeid. Dorte er veldig sosial, så det å arbeida med menneske er midt i blinken for henne, og som fotterapeut kjem ho og ganske nær den personen ho jobbar med.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer henne lukke til vidare som terapeut frå topp til tå.
Liv



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Billing av spalteløp, forsegling av betong, forsegling av kjeller, utveksling av betong.
Tilgjengelighet: 011 99 1477 www.toppalant.no toppalant@toppalant.no

FARGERIKE
Halvorsen

Den årlege musikkstunda på Spar 24. desember kl. 10.30.

I år vert minikonserten i 2. etasje. Skal verta gildt å høyra på Linus igjen. Han har nok vakse ein del sidan han hadde første konserten på Spar i 2011. For dei som ikkje veit det, så er han barnebarnet til Kirsten og Livar Nord-Varhaug. Her kjem litt info om han:

LINUS OG LITT BAKGRUNN

Linus starta i haust eit 5-årig Fysikk og matematikk masterstudium på NTNU i Trondheim. Der trivst han godt, og fiolinen er sjølvsgatt med.

Han kjøpte seg også eit piano til den lille studenthybelen på Moholt, så når han treng ein liten pause frå lesinga, er det godt å kopla av med musikk. I Trondheim er han også med i Studentersamfundets Symfoniorkester (Symforch), så det vert også musikk utanfor hybelen.

Etter at Linus var ferdig med vidaregåande våren 2021, tok han eit års pause for å kun fokusera på musikken og læra meir. Tanken var også å ha ekstra god tid til speleopdrag. I denne perioden var han elev ved Porsgrunn kulturskole med både fiolin og piano som instrument. Pga koronaen vart det litt færre speleoppdrag og konsertar enn han hadde tenkt seg, men han er likevel glad for å ha hatt eit musikalsk friår.

Første gong Linus hadde julekonsert i Stuelandsbygget var på julafta i 2011. Det har vorte årvisse konsertar anten på julafta eller veslejulafta fram til 2019. Det 'planlagte 10-års jubileet jula 2020 vart det sjølvsgatt ikkje noa av pga korona, og heller ikkje i 2021 var det mogleg å ha konsert pga koronasituasjonen. I år (2022) vert det difor eit forseinka 10-årsjubileum.

MUSIKALSK BAKGRUNN:

Linus starta å spela fiolin ved Porsgrunn kulturskole hausten 2009 og har sidan då spela nesten dagleg. Han har vore så heldig å ha ein svært inspirerende lærar (Nicolae Bogdan) heile tida. I Porsgrunn har han også vore med i barneorkesteret, og sidan i ungdomsorkesteret. Linus har også vore med i Talentutviklingsprosjektet og Unge Musikerer i regi av Musikkhøgskulen i Oslo i perioden 2016 - 2019. I 2019 var han så heldig å vinna eit Drømmestipend på 15.000 kroner.

Liv



Linus speler i Stuelandsbygget i 2011.



I 2019 fekk Linus hjelp av storesøster Maria.

MAMILLA GJENBRUK:

TO-ÅRS FEIRING MED GRAUT

Mamilla gjenbruk i Stueland-bygget markerer at butikken har vore i sving i to år. Lørdag 3. desember sponser Stueland-bygget graut og saft til gjenbrukskundane, frå kl 1200 av.

Dessutan blir det pianomusikk ved organist Ragnhild Elisabeth Hoel kl 1230. Og det blir gode tilbod denne dagen, og kanskje også ein auksjon og/eller eit gratislotteri. Butikken er open frå 11 til 15.

Mamilla gjenbruk opna 21. november 2020, eit halvt års tid etter at pandemien var eit faktum. Det var eit aldri så lite kvardagsmirakel at det let seg gjera, slik tidene var då. Det er Den Norske Israelsmisjon som eig og driv butikken. Det finst berre ein slik butikk til i landet vårt. Den er i Bergen og har vore i sving i mange år.

Det er ein ivrig stab av frivillige som driv butikken, både frå Sirevåg, Vigrestad, Varhaug, Nærbø, Lye, Bryne og Randaberg. Men det er plass og behov for

fleire. Ta kontakt om du vil verta medarbeidar. Butikken opplever at mange gjev oss gode varer for sal. Og omsetninga har stige jamnt og trutt.

Mamilla gjenbruk er ein butikk for meir enn Varhaug-bygda. Kundane kjem frå store deler av fylket. Ikkje sjeldan er det folk som tek gjenbruksbutikkane føre seg, og vil innom alle. Og mellom Rennesøy og Randaberg i nord og Kvinesdal i sør er det veldig mange slike. Kundane gjev oss ofte ros for at me har mykje fint for sal, og at varene er utstilte på ein kunstnerisk måte. Me håper også at kundane opplever at det er god service, og at det er triveleg å koma innom.

No gler me oss til å markera to-års dagen. I tillegg til graut og musikk og gode tilbod tenner me kanskje også to ljøs!? Desto meir sidan det dagen etter er andre søndag i advent!

Paul Odland

En alliansebank i **eika**.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no

 **jæren**
sparebank

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.


Hå skulesjakk sammen med Jæren sjakkklubb arrangerte Jæren sjakkfestival 4-6. november. Det var ein dag med lynsjakk, ein dag med hurtigsjakk og så ein dag med lagsjakk der det var to spelarar på kvart lag. I desse tre turneringane var det eigen klasse for skulesjakkspelarar og eigen klasse for spelarar frå sjakkklubb for vaksne. Og i tre dagar var det ei langs-jakkturnering der ein fekk 90 minutt på eit parti pluss 30 sekund for kvart trekk.

Frå Hå deltok tre lag med skulesjakkspelarar, og 5 deltok på lyn og eller hurtigsjakk og ein spelte lagsjakk. Dette var eit flott opplegg.

Biblioteka i Hå har fått sjakkbord for utendørs bruk, dette er frå eit prosjekt som Ungdommens sjakkforbund og Norges sjakkforbund har, «sjakk ogsamfunn». Og ein del tirsdagar har Varhaug bibliotek hatt sjakk frå klokka 1300 der leiar i Hå skulesjakk, Per-Arvid,- har hatt innleiing med stort demonstrasjonsbrett for ungane fekk spele på brett rundt om i biblioteket. Også på Nærbø og Ogna bibliotek har det vore nokre dager med sjakkinspirasjon og speling.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>



SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Klubben har lynsjakk eller anna form for hurtig sjakk om onsdagane med sjokoladepremier. Men 5 kveldar er det lagt opp til lagsjakk, og dei som deltek her må vere innmeldt i Norges sjakkforbund som medlem i ein vaksen klubb, f.eks Jæren sjakkklubb. Og ved å delta i slike turneringar får ein internasjonal rating.

Før jul skal me ha juleavslutning 21. desember med lynsjakk, graut og gløgg.

Klubben arrangerte Jæren sjakkfestival på Klepp rådhus helga 4-6. november, og Hå skulesjakk tok seg av rekneskap og deltok med mange spelarar, sjå under Hå skulesjakk.

Velkomen til sjakk på Bryne. Her er program for resten av hausten.

Onsdag 16. november - Lagsjakk - Runde 3

Onsdag 23. november - Hurtigsjakk 2 - del 2

Onsdag 30. november - Lagsjakk - Runde 4

Onsdag 7. desember - Lynsjakk

Onsdag 14. desember - Lagsjakk - Runde 5

Onsdag 21. desember - Juleavslutning - Rated lynturnering

Klubben har egen internettside: <https://www.jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

I Misjonshuset er det mye som skjer. Haustnummeret av Misjonshusbladet vart delt ut i alle postkassane på Varhaug siste dagane i oktober. Og dette bladet gir god informasjon om kva som skjer på misjonshuset.

Det er ikkje alltid lett å finne alle postkassane, så av og til kan det være nokre som ikkje får bladet. Dersom det skjer, vil me i misjonshusstyret be om tilbakemelding. f.eks ved at du som ikkje fekk bladet gir beskjed ved å ringe i kontortida eller sende e-post til e-postadressen som er nemnd nedanfor.

No er det konsertar og julemesser. Både for misjonsselskapet (NMS) og misjons-sambandet (NLM) er julemessene viktig for å nå ut med informasjon om misjonsarbeidet og ikkje minst få økonomi på plass. For oss som er med på messene som deltakarar vil opplevinga av fellesskap og spenning rundt trekking av årer og loddbøker vere kjekt å få med. Og god mat er det også!

I år har det vore ein serie med samlinger om livsmestring. Desse samlingane vil kome også neste år. Og i tillegg til møteveker der vi har samlingar om bibele og misjon, er det også enkelte møter med tittel «Lys over Land».

Og eit viktig opplegg er samlingane for godt vaksne. «Vi over 60» er 1. og 3. onsdag kl 1400 i matsalen. Og før jul vert det som vanleg eldremiddag same dagen som «vi synger jula inn».

Ungdomslaget er aktive, det er ope hus på fredagane og ungdomssamling på laurdagane. For dei yngre er det FRES annankvar fredag. Sundagsskule nokre søndagar, og annankvar søndag er det gudsteneste med eit kjekt opplegg for barn, det kallast Awana.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51 43 08 08. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:
http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug.

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Nytt styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar

Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styrmedlem

Benjamin Hølland - Svala 4H

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Eivind Galtvik - Lennsmannsløa



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

John Christer Jørgensen - Varhaug (boks 103) 4368 Varhaug
Mobil: 965 28 470 - Fax: 51 43 08 27 - jorgensen@jgmaskin.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



VIL 90 ÅR

Odd Varhaug, Inger Haugstad, Arne Johnsen og eg hadde saman gått gjennom VIL sine 90 år, og det var imponerende koss leiaren i laget, Morten Jelsa, hadde fått notatane me hadde gjort, til velkomstord på rim under festen. At han har arva den lyriske åra etter faren, er heilt sikkert.

Alle med æresteikn i laget, var innbeden til jubileet kl. 18.00. Me fekk festtale av Sjur Håland og gode smørbrød. Seinare på kvelden var den dans med Silo & Saft.

Ei roleg og fin markering av VIL sine 90 år, tykte nå i alle fall eg. Liv



TALE JUBILEUMSFEST 22. OKTOBER 2022

90 ÅR

I **1932** fant Johs. og Jonas Reiestad på, At Nærbø ikke var noe sted å spille fotball på. Dermed ble Varhaug Idrettslag stiftet, Og Varhaugbygden på en måte giftet!

I **1933** var det 66 medlemmer hos oss, Og faktisk noen som sloss. For vi hadde en boksegruppe da, Men kameratskapet det var superbra.

I **1936** ble tidenes første fotballtrener ansatt, Jens Håland varte 14 dager før Varhaug ble forlatt. Han klaget på at spillerne ikke brukte innsiden av foten, Da hjalp ikke fri kost og losji, det gjorde vondt i hjerteroten.

I **1938** prøvde Varhaug å få til egen bane for fotball, Men herredsstyret ville ikke støtte, det var visst ikke knall! Nye mørkerøde drakter med hvit besetning ble bestilt, Med påsydd monogram, er det ikke villt?

I **1945-46** starter arbeidet med fotballbane, Kunne man den gang betydningen ane? Dugnadsgjenger på 50-60 mann i tillegg til 15-20 hester, Og dette var før man hadde begynt med dugnadsfester.

I **52** startet man en fanekomite, Fantastisk ide, ja var det ikke det? Vår første høyttaler ble kjøpt for to tusen, og innkjøp av tyskerbrakke fra Telegrafverket gjorde susen!

I **54** kjøpte vi et dekar jord, Einar Hadland holdt sitt ord. Styret fikk også fullmakt til å ta opp lån, 20.000,- mot pant i eiendommen - vår det et hån?

I **55** var det dårlig økonomi, Underskudd på 3500,- - dårlig gli. Medlemskontingent på til sammen 330,- Det var ikke rart - det har du rett i.

Kafeinntekten var bra i **58**, Og Varhaug var fortsatt like flotte. Vi ble også henstilt av NFF til å gi kroner tusen Til en støtte av Fridjof Nansen - og vårt bidrag gjorde susen.

I **1960** er det flyktningehjelpen som får penger av oss, Den barmhjertige samaritan - we are the boss! Friidretten bygget det meste med store dugnadslag, Kule, stavsprang, løpebaner og hopp av alle slag.

I **1964** var parkeringsplassen for liten, Dermed måtte vi kjøpe den neste lille biten. 15 kroner per kvadratmeter var prisen, 125 kvadrat totalt - å fytti grisen!

1965 var et tungt år for mange, Prisen på pølse gikk opp, selv om de var like lange. Fra 1 krone til 1,25 Det hjalp heller ikke å prute med en klem

I **75** - fire år etter vedtak var denne hallen klar, 700 på feiring - dag og kveld med fest og basar. Nærbø spurte allerede dagen etter om å leie tid i hallen, Det er nok grunnen til at de i dag er flinke til å kaste ballen.

17. mai på Iden skjedde første gang i **79**, Og grusbanen ble ferdigstilt - uten god gli. Ingen unger i dag kan ane, at man den gang var glad for å få sånn en bane.

I det vakre år **1980** går det bra på flere ting,
Friidrett, turn, håndball og fotball var alle i sving.
Medlemstallet har nå økt fra 523 til 750 stykk
Og i september kom en gutt med godt trykk.

I **1982** kom fotballen for første gang til NMs første runde,
Og 2000 personer var med som Hå marsjenens kunde.
Vi ble 50 år det året og feiret godt,
barnekretsstevne med over 4000 deltakere - det var flott!

Trimløypen åpnet av min far i september **84**,
Og i samtlige grupper ser man aktiviteten spire.
Vinteridrett, friidrett, håndball og fotball,
750 mann på hå-marsj i ruskevær - det er jo knall!

I **1987** damehåndballen i Rogalandscupen seiret
Og piker 10 og 14 kretsmesterskapet feiret.
Jærmessa ble arrangert for første gang,
Mens svømmehallen ble utredet for n'te gang.

Einar Haalands minnefond ble opprettet i **88**,
Alle som etterpå har fått prisen er jo så flotte.
Torodd og Karin Varhaug det året overlot redaktøransvaret,
Til Liv Hobberstad - hun hadde meninger så gode og klare!

Kjell Ånestad passerte i **90** 500 kamper for a-laget,
Fikk gullball, diplom og karslig krage.
Marton var første som fikk Einar Haalands minnefond,
Det var bare å klappe - hånd mot hånd!

Dameturnen reiste til Amsterdam sammen med 20000 andre,
Mens friidretten ville Holmenkollenstafetten forandre.
Frosken supporterklubb og Varhaugrevyen så dagens lys,
Tennisbanene ble ferdigstilt, så det ble slutt på takhys.

Marton fikk Hå kommunes kulturpris i **92**,
Og Handballdamene i Rogalandscupen på toppen sto.
Turnen hadde totalt 10 parti,
Og fotballen tre seniorlag og generelt god gli.

I **1999** kjøpte man ny PC og trådløst telefonsystem,
ISDN - egentlig rart vi ikke fikk varige men.
Lånebevis etter hallbygging ble vedtatt tilbakebetalt,
Men 75% ble gitt tilbake - det var jo helt genialt!

Håndballdamene rykket opp til 1. divisjon i år **2000**,
Hallbasaren og bingoinntekter gjorde susen.
Swingdansegruppen hadde kurs for over 200 personer
Mens fotballen gikk dårlig - var tom for patroner.

I **2002** hadde omsetningen steget til 5,5 millioner,
Ballbingen var klar - den kostet også noen kroner.
Herrelaget i fotball dette året rykket opp til tredje divisjon,
Marton Kydland går dessverre bort, vi går i prosisjon.

2003 åpnet skateboardanlegget ved bingen,
Kule karer viser oss den beste svingen.
Magnar Håland blir ansatt som daglig leder,
Og bingogjengen gir fortsatt både penger og heder.

I **2007** er tribunen på hovedbanen til bruk,
Deilig og kjekt og intet pengesluk.
Klatreveggen er også endelig klar,
Og kan brukes dersom du sterke klyper har.

I **2011** står kunstgressbanene klare,
Hadde man på det tidspunktet hørt om lyshare?
Omsetningen er nå 7,7 mill,
Og det går så godt at vi kjøper en eiendom til.

2013 er året man vedtar å bygge ny hall,
Dobbel kapasitet - det blir knall!
Etter nullresultat året før,
Viser man et godt pluss - som man jo bør.

I **2014** blir det for første gang gitt,
Kontanter i postkassen utenfor huset mitt.
Organisasjonsplanen for laget er ferdigstilt,
Mye jobb, men også fryktelig jillt.

Marcus og Martinus i **2015** dro,
4000 publikummere - vi stod bare og lo.
For en suksess og bidrag til laget,
Tidenes overskudd - det var ingen som klaget.

2016 var andre gang vi penger i postkassen fikk,
Opplegget lignet helt på en prikk.
Samme år ble også ny hall innviet med hell,
25000 timer dugnad - da er det lov med en sen kveld.

I **2018** kjøper vi tomt og eiendom for 5,5 million,
Vi syns dealen for fremtiden er helt kanon.
500.000 i kontanter dukket enda en gang opp,
Kan ikke si annet enn at jeg syns det er helt topp.

I **2019** åpnes aktivitetspark og 5-er baner,
Gjester som kommer bare måper og glaner.
Hvordan får de det egentlig til spør flere,
Blant dem er Drillo, som også ville gratulere.

2020 er coronaens år,
Men idrettslaget ikke helt stille står.
E-sportrom og VIP-tribune tas i bruk,
Rått at vi stadig vokser og ikke bare setter oss på huk.

2021 blir hall renoverert utvendig slik at den nå er grå,
Padeltennis og basket tas i bruk - vi er jo helt rå!
Løpebane og lyshare også på plass,
i Varhaug idrettslag vi gir bønn gass!

Da er man ferdig og kan endelig gi ordet,
Til en som sitter der nede ved bordet.
Dag, du er en mester med både sang og ord,
En av de beste på denne jord.

Velkommen opp

KRIM FORFATTAR FRÅ JÆREN

Litt for seint fekk eg vita at Ivar Aase hadde vore på Spar og signert og selt den andre boka si. Dette måtte eg i ettertid prøva å skriva noko om.

Ivar Aase er ein allsidig ung mann. I sommar vann han ein pris på Kortfilmfestivalen i Grimstad med Fimen «Kjære Gud», som er ein mørk musikal og songar av og med Børre Bratland, General Forsamling.

For han, som for mange andre, vart ting endra på under koronaen, og då vart det med mindre filming og meir skriving.

Ivar er oppvaksen på Orre, og kjem frå ein idrettsfamilie. Han la tidleg opp med sport da kreativiteten begynte å ta over. Men dei gamle rutinane med faren som fotballtrenar på Orre IL, har han endå med seg. Han ser på skriving som eit maraton, og av og til må ein klara å ta nokre innspurar.

I 2011 fekk han ein gamal skrivemaskin av farfaren, og då skreiv han ei historie om ein jærsk bonde. Og kanskje var det då ideen kom; Jæren trong ei krimbok basert på jærsk næring og jærsk dugnadsånd?

Ivar liker krimbøker, men sakna skurkar og heltar med skitne arbeidshender på bygda. Ein finn ikkje mange krimheltar som et farse utanfor M44, men i bøkene til Aase er det ein del av det lokale preget på historiene.

Hausten 2014 tok han til med boka Jernspøkelset. Personane er oppdikta, men inspirasjonen har han fått frå dagleglivet på Jæren med hardt arbeid og dugnad. Det er ikkje berre, berre å skriva ei bok. Sommaren 2015 budde han ei tid i kunstar-bustaden «Lalandshuset» og skreiv og skreiv, mens andre kosa seg på badestranda.

Boka, Jernspøkelset, vart gitt ut på eige forlag; Aase og Wiig, der Jan Inge Wiig er forleggar. Det er og han som har omslagsdesign og foto. Boka slo så godt an, at dei måtte til med det andre opplaget.

Nå har Ivar Aase klart det igjen, nå med boka «Steinansiktet». Det var denne han nyleg var på Spar, og signerte og selde. I denne boka kjem den mørke sida



av jærsk drivkraft fram i lyset. Når ein kjent mann i bygda plutselig forsvinn, følgjer me ei familiedrevet entreprenørbedrift som vert ramma av forsvinnings-saka.

Første bok hadde ein Brøyt gravemaskin på omslaget, nå er det eit mystisk bryllupsbilde. Denne gongen er det meir fokus på familie og kjærlyghet enn sist, sjølv om krimmysteriet alltid ulmar i bakgrunnen.

Å vera forfattar er i grunnen ein einsam jobb. Men Ivar seier at kor han enn sit og skriv, så er han heima på Jæren i fantasien. Det må vera ein god måte å kurera heimlengsel på.

Ivar håper at Jærbuen vert like glad for denne boka, som med Jernspøkelset, og 1. november var Steinansiktet i sal hos bokhandlaren. Ivar satsar og på å koma tilbake for signering på Spar Varhaug i veka før jul.

Dette må vera ei gild julegåve for mange.
Liv



NÅ SVIV DET I MASKINANE TIL POINT ZERO AS I TJEMSLANDSMARKA

I nummer 2 av bladet skreiv eg om Tjemslandsmarka Bananplantasje, der skiltet og hadde med 3 bananer.

Dette hadde ingen ting med frukta å gjera, det var berre eit namn dei kom på då firmaet skulle registrerast, og dei heller ikkje hadde nokon adresse. Så ville eg skriva litt meir om dette firmaet, men til nr. 3 var dei ikkje kome heilt i orden. Men den tredje gongen vart det klaff, så nå har eg vore på besøk hos Point Zero AS, og snakka med dei to eigarane:

Johnny Grødeland, kjem frå Orre, og er barnebarn til Erling. Johnny er 48 år, og bur på Erga saman med kona. Han har 3 born, ei dotter på 21 og 2 gutar på 19 og 8. Han dreiv før firmaet Grødeland AS på Orre.

Ole Hennig Djøseland, som er søskenbarn til Johnny, er 42 år og son til Bjørg og Sem. Han har og kone og 3 barn, og bur på Varhaug, Barna; 2 gutar på 14 og 7 i tillegg til ei jente på 11. Ole Henning var i fleire år tilsett i Årdal Maskinering, før han slo seg saman

med Johnny. Då dei fekk tomt i Tjemslandsmarka, og høve til å setja opp nytt bygg, flytta dei verksemda til Varhaug, under namnet Point Zero AS.

Fram til nå har det berre vore dei to, men snart kjem det med to til, som skal kjøpa seg inn i bedrifta.

Dei har fått seg eit flott bygg, lyst og romsleg, og inne stod det 3 store maskinar, der den eine stod og brumma. Det var ikkje lett å få noko svar på kva dei laga, for det var så mangt, men Point Zero AS er eit maskinerings-verksted for oljeindustrien. Maskinane har eit datastyrt opplegg, og når dei får inn kompliserte teikningar frå oljeselskapa, lagar desse maskinane dei finaste og nette komponentane ut av ein ståklump.

Varhaugbuen takker for drøset, og då eg går ut ser eg ein fin postkasse med nr. 20. Dette er altså Tjemslandsmarka 20, så det må postboda til bladet passa på å få med seg neste gong. Liv

SpareBank
SR-BANK



Sammen får vi ting til å skje.



SI BYGG
NORRØN GRUPPEN

ÅRSMØTE I VARHAUG BYGDEKVINNELAG



Torsdag 29. september var over 30 medlemmer samla til årsmøte i bygdekvinnelaget.

Liv Hobberstad leia møte og det gikk fort og greit. Årsmelding og regnskap blei godkjent uten merknader.

Valget gikk og greit, styret fortset men dei tri varamedlemmane er nye.

4 medlemmar har vore medlem i 50 år og dei fekk ei lita påskjønnning. Desse var Aud Håland, Myrthle Tjemsland, Liv Hobberstad og Britt Skretting.

Liv Hobberstad fekk og blomar sidan ho gir seg som styremedlem i internatet/bygdahuset.

Blomar fekk og dei som har vore varamedlem i styret og med i valnemnda i 3 år.

Etter årsmøtesakene opptådte Dag og Richard Madland med sang og historier, dei fleste kjende seg att i innhaldet.

Styret ser nå slik ut:

Leiar: Astrid Skretting

Nestleiar: Judit Åmodt

Sekretær: Margunn Skretting

Kasserar: Synnøve Odland

Styremedlem: Aud Elise Gudmestad

Styremedlem: Anlaug Riise Varhaug

1. varamedlem: Linda Viste Bø

2. varamedlem: Gro Bratland

3. varamedlem: Margaret Aarsland

Astrid.



Monica Mørk Aase

Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF

e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård

Eiendomsmegler MNEF

e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN



VARHAUG SENTRUM

Da var endelig Varhaug Gamle Handelssalg revet. Etter en lang periode med usikkerhet om hva som skjer med denne bygningen så er den nå jevnet med jorden. Da begynner neste steg på veien for å få et trivelig sentrum/torg på Varhaug. Hå Kommune har utarbeidet en skisse for et midlertidig tiltak med lekeplass og diverse aktiviteter. Dette er helt genialt med tanke på at det nå kun er en grusplass og det kommer til å ta lang tid for å utarbeide en plan for dette området.

Arbeidet med dette området kommer ikke i gang før til våren og da synes jeg det er på sin plass å finne på litt stunt som kan aktivisere noen og enhver her nede i sentrum.

Derfor har jeg startet arbeidet med å finne sponsorer som vil være med å sponse en isbane lik den de har i Bryne sentrum. Dette er en kostbar ting både med tanke på rigg og spesielt strøm nå i disse tider.

Jeg håper da at det er noen som vil være med å få dette til siden jeg tror dette hadde vært en kjekk ting for Varhaug. Målet er å få denne opp til 10/12 og ca ut Januar.

Håper det er flere enn meg som er ivrige etter å få dette til. Det jobbes også med noe kjekt der til tidlig vår også.

Reidar Skretting

HÅKON VARHAUG HELD FRAM SOM LEIAR I VARHAUG BONDELAG



Styret er nå:

Kasserar Arild Helland (ny).
Sekretær Grethe Marie Ånestad.
Styremedlemar Åsgeir Aasland og
Gaute Ødemotland.
1.vara: Andreas Rød (ny).
2. vara: Helene Håland.

Til styret for Bygdahuset Varhusat SA
vart vald Thomas Vagle.
Gaute Ødemotland har eit år igjen der.
2022 har vore eit mildt sagt spennande
år. Avlingsmessig har det vore eit
perfekt år med kald vår og forsommar,
med passeleg nedbør, for så å gå over
til ein varm og god seinsommar/haust
med lite nedbør.

Årets landbruksoppgjer gav auka opti-
misme hjå mange bønder
«Siloslått på gamlemåten», var eit
sær vellukka arrangement, og eg vil
her takka alle som var med og gjorde
denne dagen så gild. Håkon

ENDELEG HAR ME OG FÅTT TORG PÅ VARHAUG

Nå er det ikkje berre Vigrestad og
Nærbø som har eit fint torg, nå har me
og fått det!. Reidar Skretting - som er
ein veldig positiv person - har nå ein
gild plan for kva denne tome torga kan
nyttast til nå i vinterhalvåret, og desse
planane er og kommunen positiv til.
Varhaugbuen seier HURRA, og håper
det er mange sponsorar som har lyst
å vera med på dette flotte prosjektet.
Liv



SIFTELESE AV VARHAUG MISJON

Søndag 30. oktober var Varhaug skole pyntet til fest. Da skulle det feires at Varhaug Misjonskirke ble stiftet den 19.okober. Vi hadde invitert Varhuagsbuer, alle som har vært med å heiet på oss, ordfører, den norske kirke, Sentrum Menighet (Misjonshuset), rektor Johan og mange flere.

Når søndagen kom ble vi en plass mellom 200 og 250 store og små som feiret. Vi hadde først en festgudstjeneste, med lovsang, blime dans, underholdning og tale. Misjonskirken Norge var også representert og kom med en hilsen. Thomas Aas Pedersen, Pastor i Bryne misjonskirke, avsluttet det hele med en hilsen fra Bryne. Under Gudstjenesten fikk vi

også overrakt en liten oppmerksomhet til Varhaug skole ved rektor, Johan. Vi setter utrolig stor pris på samarbeidet med skolen. Derfor hadde vi lyst til å gi en liten takk, som kunne komme barna til gode.

Etter gudstjenesten hadde vi pizza fra Stasjonen Pizza & Grill og marsipankake bestilt hos Spar. Når barna hadde fått spist litt pizza åpna vi «Kidz zone» i gymsalen. Her hadde vi leid inn hoppeslott, popcornmaskin og kjøpt inn dounuts. Her kunne barna styre på og gjøre ulike aktiviteter. Mens barna var i gymsalen var det flere som ønsket og komme med en hilsen til oss. Blant annet ordfører Jonas Skrettingland, Njål Omland fra Sentrum menighet og andre personer som har fulgt vår prosess med å bli en selvstendig menighet.





Foto: Asle Haukland

SKIRKE

Så sitter du kanskje og leser dette og tenker «hva dette er for noe. En ny menighet på Varhaug?». For dere som ikke vet hva dette er, ønsker vi å forklare litt. Vår visjon er: «Vi ønsker at mennesker på Varhaug skal bli kjent med Jesus, gjennom et raust, rotfesta og relevant fellesskap» Vi ønsker å være en menighet som er et positivt innslag på Varhaug. Vi heier på Misjonshuset og kirka på Odland. Vi heier på idrettslaget og generelt heier vi på varhaugsbuen. Til nå har vi flere ting som skjer. Ca annen hver søndag har vi Gudstjeneste på barneskolen klokka 12. Ellers så har vi andre ting som skjer. Vi ønsker å være en menighet der de som kanskje ikke er vant til å gå i ei kirke eller menighet kan trives.

Nå i desember skal vi ha to arrangement som vi ved tidligere år har stor suksess med. Her ønsker vi å invitere flere. Det er:

Juleverksted (på Dysjalsvegen 235) Her er det gratis grøt, aktiviteter for barn og kanskje kommer nissen også? Dette blir den 11. desember klokka 12.00

Den neste som skjer er Jul i Misjonskirken, dette er vår julegudstjeneste som vi pleier ha 4. søndag i advent. Før har vi hatt denne i Lensmannsløa. I år er denne stengt pga. det skal installeres sprinkler her. Så i år blir vi i aulaen på barneskulen. Så sett av datoen 18. desember kl. 12.00, og kom å få skikkelig julestemning.

Følg oss gjerne på Facebook @varhaugmk eller besøk vår nettside www.varhaugmisjonskirke.no

Styret Varhaug misjonskirke ved/Terje Vik

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NY KANTOR I VARHAUG KYRKJE



Ragnhild Elisabeth Hoel begynte som kantor (organist) i Varhaug kyrkje 15. oktober. Ho overtok orgelkrakken etter Morten Jostein Helvig som har gledd oss med musikk i 28 år.

Ragnhild er ikkje ukjent for oss. Ho har vore på orgelkrakken i Nærbø kyrkje sidan hausten 2014. Ho er også dirigent for Jæren kammerkor, og underviser i piano og orgel i Hå kulturskule. I januar 2019 flytta ho til Bratlandsmarka på Varhaug. Ho er frå Stavanger sjølv om ikkje dialekten avslørar det.

Vi gled oss til å lytte til musikken din, Ragnhild. Du får verkeleg orgelet til å bruse. Velkomen til Varhaug kyrkje!

Brit Obrestad

A photograph of the interior of a car wash. The floor is red, and there are two large vertical signs on either side of the entrance. The sign on the right is blue and white, with the text 'BILVASK' and 'Få 5 vask til prisen av 3'. Below this, it says 'Gjelder på valgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikopongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra togningen. Gyldig 1 år fra utstedelse.' At the bottom of the sign is a red circle with 'PLATINUM 5 FOR 3' and 'FÅ 5 VASKER TIL PRISEN AV 3'. In the background, there are red curtains and a white wall. At the bottom of the image, there is a red banner with the Esso logo and the text 'Varhaug Servicenter A/S', 'Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG', and 'VI HAR GODKJENT BILVERKSTED'.

ORGANISTVIKAR - TANKAR FRÅ EIN GAMAL ORGANIST

Det er noko merkeleg det med alder. Eg veit kva årstal eg er født, men eg greie ikkje heilt å sei at eg er gamal sjølv om eg er det.

Eg tok min organisteksamen ved Stavanger musikkonservatorium i 1967 og begynte som organist i Ognå kyrkje etterpå. Der var eg til fram til hausten 1971 då eg starta i Time kyrkje. Eg slutta av som organist i 1981 sidan eg då arbeidde som rekneskapsfører ved Hå rekneskapslag. Eg treivst betre med fast arbeidstid. Å vere organist og lærar i musikkskulen som det heitte då, var å vera på arbeid når andre var frie, og vera fri når andre var på arbeid.

Eg ga vekk det meste av orgelnoter til ei av dei unge i familien som er organist, og heldt meg heilt borte frå kyrkjeorgelet. Etter 35 år som rekneskapsfører vart eg pensjonist sommaren 2013, og fekk betre tid. Eg fekk spørsmål om å spele i kyrkja ein søndag dei mangla organist og orgelet heller ikkje var samarbeidsvillig, så eg trakterte pianoet. Dermed begynte tankane å arbeide litt. Kanskje eg skulle prøva om det gjekk an å øve seg opp så pass at eg igjen kunne trakterer kyrkjeorgelet? Eg begynte å øva litt. Fant fram heftet med Johan Sebastian Bach sine 8 små Preludier og fuger og bladde opp nr. 6. Om eg får til den (det var den første eg lærte med pedal), skal eg øva meg opp. Og slik vart det. Eg tok for meg koralboka med salme for salme, og heftet med dei 8 små. Utruleg alt som går an etter ein har passert 70 år, altså. Og nå tykkjer eg det er gildt. Ingen ting er som orgelbrus frå eit kyrkjeorgel. Og orgelet i Varhaug kyrkje kan verkeleg bruse om rette personar trakterer det. Eg måtte endåtil få att eit par hefter med orgelnoter som eg hadde gitt frå meg. Det er så mykje lettare med dei notehefta som eg alltid har hatt, for der er det notert ting som er viktig for akkurat meg.



Det som ein har lært i barndom/ungdom går det altså an å dra fram att og øve seg opp. Harddisken i hovudet har mykje fine instrument når ein berre vågar å bruke dei. Fingrane er ikkje så smidige lenger, så det som trillar og går fort kan eg berre gløyme. Det viktigaste er å spela salmar og liturgi og Bach sine 8 små. I alle fall nokre av dei. Å vera til nytte gjere godt sjølv om ein er gamal og i enkelte tilfelle litt sånn - utgått på dato - best før, men kan vera god etter.

I august/september fekk eg skikkeleg røyne meg med fem søndagar på sju veker. Travelt, men kjekt og. Det vart som ei takk oppover for at eg nå er frisk.

«Inni kvart eldre menneske
er det eit ungt menneske
som lurar på kva som har hendt.»

(Asleigh Brilliant)

Brit Obrestad



DUGNADSARBEID I LENSMANNSLØA

I løpet av vinteren skal det komme opp sprinkellanlegg i Lensmannsløa. Arbeidet skal i hovedsak utføres av Nærbø Rør og elektro, men i framdriftsplannen er det og lagt opp til en del dugnad. Veldig kjekt at folk som blir kontaktet er så positive og stiller opp. Dugnadsarbeidet går i hovedsak ut på å ta opp gulvet oppe på låven så det blir lettere å legge ned rørene til sprinklingen. Etterpå skal gulvet legges tilbake igjen. Det er og andre deler av arbeidet som utføres på dugnad.

Alt arbeidet er beregnet å bli ferdig i første halvdel av februar. Når slike prosjekt gjennomføres er det godt samarbeid mellom Hå kommune, utførende fagfolk og bidrag fra Vennelaget - «Vi løfter i lag». Når dette arbeidet er gjort vil vi igjen kunne legge til rette for ny aktivitet i Kulturhuset på Varhaug.

Eivind.

REFLEKS - REFLEKS - REFLEKS

I denne mørketida er det viktig å huske på refleksen, både de som går og sykler.

Og ikkje minst de med sparkesykkel.

REFLEKS - REFLEKS - REFLEKS



LIONS CLUB HÅ

JULENEK

I år igjen tok vi kontakt med en kornprodusent på Østlandet og fikk kjøpt en del nek, i tillegg til det vi har dyrka og kappet selv. I skrivende stund pakker vi nekene, slik at vi er klare til salg av disse fra siste helgen i november. Håper Varhaugsbuene gleder seg til å ta i mot oss på dørene og kjøpe julenek.

BUSSTUR FOR ALLE PASIENTER VED DAGSENTRENE I HÅ KOMMUNE

Hå Lions har vært med på å støtte en heldags busstur for brukerne ved alle dagsentrene i Hå; Heimtun, Varhaug, Vigrestad og Olsvoll.

HVORFOR IKKE BLI STØTTEMEDLEM?

Når vi samler inn penger går 100% til hjelpetiltak. Vi som humanitær organisasjon, er avhengige av dugnader, salg av produkt, medlemsavgift og donasjoner for å kunne dele ut våre støtter.

Et støtte-medlemsskap (Lionsvenn) på 300,- pr år vil gå direkte til Lions Club Hå, og videre uavkortet til lokale veldedige formål.

For å bli Lionsvenn, send navn, adresse, tlfnr og fødselsdato til vår sekretær, på torh@lvse.net eller telefon 918 05 205.

Din støtte betyr mye for mange!

Lions Club Hå
Tor Harald Nordvik
sekretær

SE MEG STASJON

I samband med ei sorggruppe som «Se Meg Stasjon» har i løpet av høsten, stiller vi i år igjen med biler og sjåførere. Vi henter deltakere fra forskjellige skoler i distriktet og kjører de inn til Bryne, for deretter å bringe de tilbake etter 2 timers møte. Dette gjelder barn og ungdom fra 7 til 17 år. Onsdager og torsdager i flere uker hjelper vi til.





Tysdag 1. november inviterte ungdomsklubben til ei heimsøkt løa.

Det var opp mot 80 ungdommer og 100% vellykka - me klarte nesten ikkje skremma ungdommane heim og ut døra.

Siloen og svalgangen var laga om til spøkelse løypa som var overfylt med skumleeffekter, grusom musikk og nifse læringer som gjemte seg rundt i krinkelkroker.

Det var halloween mat som mummiepølser, gresskar klementiner, grønn saft og grav kaka. Det ungdommane likte best var at spåkona var på besøk, nokon skulle bli malerer, andre kom til å gamla vekk alle pengane, men nokon skulle bli oljesjeik i Amerika.

Me kåra beste kostyme, hadde pinjata, ekkel og slimitte gjette konkurranse. Avslutningen på kvelden var halloween basar. Kjempe stas

#HALLOWEEN LØA





Klubb arbeider - Linda
i sett rette element, her
som spåkone.



SPRÅKSPRELL PÅ TUR I SVEINESKOGEN

Torsdag 27. oktober var ca 20 personar frå Språksprellgruppa på tur.

Vi var heldige med været, om det ikkje var så varmt, var det opphald og litt sol innimellom.

Ein del av gruppa utforska turstiane og dei gjekk til Ånahytta. Andre gjekk på stiane rundt gapahuken og dei fant til og med sopp. Nokre var igjen ved gapahuken og ordna med fyr på grillen.

Mat smakar alltid godt ut og på menyen denne dagen var det grillpølser, villmarkslappar og pinnebrød.

Ei av deltakarane hadde til og med langpannekake til oss.

Som de ser av bildene, så var dette ein gjeng som kosa seg på tur.

Astrid.





ÅRSMELDING FOR BYGDAHUSET VARHAUG SA 2022

Styret har vore:

Leiar: Finn Mæland - Svala 4H

Nestleiar: Sven Sturla Håland - Bondelaget

Sekretær: Liv Hobberstad - Bygdekvinnelaget

Kasserar: Gaute Ødemotland - Bondelaget

Styremedlem: Jesper Lerbrekk -
Bygdeungdomslaget

Etter årsmøtet 30. november 2021, hadde det gamle og det nye styres ei litt forsinka julesamling 11. februar. Elles har det vore 6 styremøte, og behandla 37 saker.

Me hadde 3 som ville leiga lokala til Volden Tollefsen. Jæren Dyrehelse, såg på lokala, men dei passa ikkje. Derimot passa lokala for Guro Aarre, og yogasenteret hennes. Her gjorde Guru sjølv ein del arbeid, men elles fekk ho god hjelp av styret med maling mm. Ho flytta inn 1. mai.

Namnet er endra frå Internatet Varhaug SA til Bygdahuset Varhaug SA i Brønnøysund.

Me fekk tilbod av Jæren Gulv på nytt golv i møteromet, men dette vart utsett inn-til vidare. Me har hatt kontakt med M.A Tjemsland om skilt med Bygdahuset, og dei 4 logane til eigarlaga. Bygdestova har fått projektor.

Det er laga husreglar og vaskeliste, slik at kvart lag har ansvaret for reinhaldet ein månad om gongen.

Me har fått nye nøkler, slik at nå berre er ein nøkkel til alle dørene.

Garasjen på Internatet, er nå selt og borte.

Jesper Lerbrekk er vald til styreleiar i Sameiet for bygget.

Bygdahuset Varhaug SA har god økonomi.

Varhaug 10. november 2022.

DET SKJER PÅ LERBREKK

Me hadde sundagskafé første søndag i september og oktober. Det har vore mindre frammøte på desse enn før korona, så kanskje folk treng litt tid før dei vågar seg ut? Me vil halde fram på nyåret med sundagskafé 5. februar og 5. mars. Årsmøtet vert 23. mars. Sjå etter i Jærbladet og på fjesboka på nettet. Det vert ikkje juletreffest.

14. september hadde me besøk av nokre frå dagavdelinga og bebuarar frå Klokkekarhagen. Me servete kaffi og julebrød. Så song me saman og Sigbjørn fortalde litt historikk og me synte litt bilete. Dei tykkjer det er kjekt å koma ut i ei anna stove og oppleve litt andre ting. Det er viktig å ha det kjekt akkurat NÅ - sjølv om det meste nok forsvinn temmeleg fort. Dei kjem att ein dag før jul. Då skal lefsa vere klar. Ja, den er nok allereie klar når du les dette nummer av Varhaugbuen.

Elles er skulen utleigd til private selskap og feiring av runde tal. I julehelga er det utleigd til ein del familieselskap. Ta kontakt med Sigbjørn Varhaug om du ynskjer å leige skulen. Det er han som styrer det og har oversikta. Om du ynskjer å verta medlem i Vennelaget så er du velkomen til det. Du treng ikkje ha vore elev på Lerbrekk for å verta medlem. Det er nok av du har interesse for skulen og det som skjer der.

Vennelaget ynskjer alle ei fin adventstid og god julehelg.

Brit.



JÆREN QUILLAG

Helga 16. og 17. oktober hadde Jæren Quiltelag 25 årsjubileum som dei markerte med utstilling på Lerbrekk skule. Her var mykje fint handarbeid utstilt. Ikkje alt var for sal. Her er lagt ned endelaust med timar og mykje småpirk i slike handarbeid. Så eg skjønner godt at dei vil behalde ting sjølv som dei har laga. Skal ein ta betalt for alle timane blir det ikkje løysande.

Laget har mellom 30 og 40 medlemmar og har samlingane sine på Bryne. Kjekt er det at dei ville ha utstillinga si på Lerbrekk skule.

Brit.



VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland

Slakteren
HÅT MESTERLASS
R.SKRETTING A.S



KUNST OG KULT

Etter «koronapause» på tre år var det nå endeleg mogeleg å ha den tradisjonelle utstilling på Lerbekk skule siste helga i oktober.

Klara Pil og Nina Filtmaker er vel dei som har vore med kvar gong og som er primus motor for det heile. Forutan desse to var det Trashy Birds, Køhlerpaviljongen, Elsa Wendt, PalleKarma, Viola Krans, Såpekjøkkenet, Mary's Vev og Stavanger Galssblåseri som stilte ut sine produkt.

Vennelaget for Lerbekk hadde ansvar for kafeen i lærarbustaden der dei forutan kaffi, hadde lappar, kaker og løkssuppe.

Det var nok litt mindre folk som var innom utstillinga denne gongen enn det som har vore vanleg tidlegare år. Fleire klaga på at det var dårleg annonsert. Det er ikkje alle som er på Fjesboka på nettet og får med seg det som skjer der. Fleire kom innom av di dei køyrde forbi og såg at det føregjekk noko på skulen. Så slik sett ligg me lagleg til. Når flaget er oppe, det er plakater ved vegen og mange bilar, ja, så føregår det noko på skulen som kan vera verdt å sjå nærare på. Om ikkje anna enn ein kopp kaffi og litt å bita i.

Viola Krans selde ut mykje på laurdagen, og måtte laga nytt om kvelden/natta slik at ho hadde noko til sundag. Ho var kjempenøgd.

Me kjem att neste år, siste helg i oktober, sa Klara Pil.

Brit Obrestad





HEFTIG OG BEGEISTRET

I år er det frivillighetens år. Det hadde Hå kyrkjelege fellesråd og kyrkjene i Hå lyst å feira for alle som gjer ein frivillig innsats i kyrkjene våre. Festen var i Jæren sparebank arena fredag 21. oktober. Her var godt frammøte, og eg trur ikkje det var nokon som gjekk skuffa heim att. Her fekk me påfyll med både musikk, song, talar, kaffi og kaker.

Om lag 250 - 300 personar møtte fram. Konferansier Lars Sigurd Tjelle entra sena nokså betutta og lut i skuldrane, men så retta han seg opp, slo ut med heile seg og lurte på koss det var å vera heftig og begeistra. Ja, han fekk oss i godt humør. Contry Lights hadde musikalse innslag. Det er jo slik musikk ein blir glad av.

Kvelden første talar var ByMenighetsprest i Sandnes, Vidar Mæland Bakke med «Me løftar i lag». Han tok utgangspunkt i jazzmusikken. Kvart instrument har si rolle i samspelet. Jazzen er oftast improvisert. Dette kan jo samanliknast med det frivillige arbeidet der kvar og ein har ei viktig rolle, og saman gjer me at det heile fungera.

Andre talar var Jan Erik Larsen med «Heftig og begeistret». Han er mellom anna kjent frå NRK som programleiar i TV for GOËLG, Autofil og Broom i TV2. Han har også morgonandaktar i radio, og mange andre ting innan song og musikk. Det var ingen tvil om at han kunne spela på mange strenger. Her fekk lattermusklane god mosjon. Humøret steig fleire hakk hjå mange.

I pausen var det kaffi og kaker. Kakene var levert av Tunet Brukarstyrte Senter, og dei smaka godt.

Det er utruleg mange frivillige som er med i ulikt arbeid, både på gudsteneter og andre aktivitetar. Og det er ikkje berre i kyrkjene at det er mange frivillige. I idrettslaga, misjonshusa og bedehusa er det veldig mykje frivillig arbeid som vert lagt ned. Av og til treng me litt påfyll og oppmuntring, så dette gjorde godt.

Takk til fellesrådet og kyrkjene i Hå for ein gilde kveld.

Brit Obrestad

MARKED PÅ SJUKEHEIMEN



Som eit ledd i arbeidet med å skapa meir livsglede og gode øyeblikk, vart bygdekvinnelaget invitert til marked på sjukeheimen på Nærbø 15. oktober. Dette ville vi delta på til og reiste bort med hella vår og deig til nordlandslefser.

Det var mange forskjellige utstillare inne, frå surdeigsbakst til dreining av ulike treprodukter. Ute var det ulike dyr å helsa på. Norlandslefse våre fekk «bein å gå på» så vi vart utsolgte før markedet var slutt. Over 300 personar var innom og dei på sjukeheimen var nøgde med arrangementet.

Astrid.



ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontakt med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

HÅ MÅLLAG ARRANGERTE KULTURKVELD

MED GARBORG OG GENERAL FORSAMLING!



Hå Mållag har livna til igjen etter nokre år i dvale og arrangerte nyleg Jærsk Kulturkveld med fullt hus på Biblioteket på Nærbø.

Programmet denne kvelden var sett saman rundt teamet «Ironi og Sjølvironi» og inneheldt eit kåseri og eit musikalsk innslag. Først ut var Inger Undheim frå Garborgsenteret som kåserte om «Ironi og sjølvironi hjå Arne Garborg». Inger Undheim er svært kunnskapsrik og engasjert om dette temaet og klarte lett å trollbinde forsamlinga med ei god blanding av fakta og anekdotar om Arne Garborg og hans forfattarliv, rikt illustrert med sitat og eksempel. Det skal bli interessant å lesa Garborg opp att med ny kunnskap om korleis han brukte både ironi og sjølvironi aktivt i tekstane sine.

Etterpå kom visesongaren General Forsamling frå Varhaug med sine svært karakteristiske tekstar som også illustrerer temaet på ein fantastisk måte. Tekstane til Generalen er både ironiske og sjølvironiske på ein måte som drog temaet frå første delen av kvelden vidare på ein glimrande måte. Han bruker ironien til å gjera sine til dels depressive tekstar både spennande og til dels svært humoristiske.

Til saman vart dette ein spennande og rik kveld som kan vera både til læring, til ettertanke og til god tidtrøyte! Alt bunde fint saman av Eva Hegre frå Vigrestad som las sine eigne lettbeinte dikt som fekk fram både smil og kjennelege nikk frå publikum.

Vel blåst Hå Mållag!


Jon Arne Silgjerd

BLI MEDLEM I HÅ MÅLLAG

Hå Mållag har nå arbeidd i litt over eitt år sidan laget starta opp igjen i oktober 2021. Me har passert 60 medlemmar, men håpar å auka dette før nyttår. Dersom du meiner at det er viktig å ta vare på og bruka nynorsken i samfunnet vårt slik at me har eit skriftspråk som ligg nær opp til dialekten i området vårt og mange område i landet, bør du vurderer å melda deg inn i Hå Mållag og dermed og i Noregs Mållag. Du melder deg inn ved å senda sms med NYNORSK til 2460 eller ved å senda inn skjemaet som ligg på nettsidene til Noregs Mållag. Melder du deg inn før nyttår, får du første året for 200 kr.



FORFATTARBESØK PÅ BIBLIOTEKET



20. november hadde vi besøk av forfatteren Ole Kristian Ellingsen, som blant annet har skrevet Stormsinn-trilogien, som handler om Stavanger på begynnelsen av førre århundre. Byen opplevde både djupe kriser og oppsving, og bøkene speglar desse voldsomme skifta både i menneskesinnet og

samfunnet. Varhaug-folk i alle aldrar møtte opp til eit flott føredrag om bakgrunnen for historia. Her vart mange engasjerte, både dei som hadde lese bøkene på førehand, og dei som no fekk mykje å glede seg til. Alle bøkene til Ellingsen kan lånast på biblioteket.





S.S. FREDERIK VIII



Thea på båten



Thea på landstedet



Bakerfamilien Thoresen



Thea som tjenstepike



Thea Marie




ELLEN VAHR

PÅ BESØK

6. oktober hadde vi besøk av forfatteren Ellen Vahr på biblioteket på Varhaug.

Ho har skrive Idle Hour-serien, som handlar om Thea Thoresen som reiser frå Kristiania til Amerika for å arbeide som tenar for den velstående Vanderbilt-familien. Klasseskilje, kjærleik, baking og fridommen til å finne egne vegar er stikkord for handlinga i bøkene. Ein liten gjeng Varhaug-damer møtte opp og hørde det engasjerte føredraget

hennar om trilogien, og fekk også vite at siste boka kjem i januar 2023. Bøkene kan lånast på biblioteket.





BRT - BIL, REDSKAP OG TRYGGHET

Det skjer mye gild aktivitet i Varhaug Bygdeungdomslag for tiden!

29.11.2022 arrangerte vi BRT - Bil, redskap og trygghet.

BRT'en blei arrangert i forbindelse med Aksjonsuka, der årets tema er Trafikksikkerhet. Arrangementer er en tevling, der en konkurrerer i vendegrind, last-sikring, hjulskift og presisjonskjøring rundt tønna. Veldig gildt at så mange møtte opp og deltok på tevlinga!

Fremover skal vi arrangere flere lavterskel tevlinger, som det ikke trengs noe særlig forkunnskap for å delta på. Arrangementene er åpne for alle. Anbefaler å følge med på Facebook for mer informasjon. Kom å vær med!

- 8.november - Sveise tevling
- 10.november - Gravemaskin tevling
- 15.november - Luftgeværskyting tevling
- 17.november - Piske krem tevling
- 22.november - Banansplitt tevling
- 24.november - Eksteriørbedømming av hest, kalv, due og geit
- 27. november - Handyman tevling
- 30.november - Pallestabling tevling
- 8.desember - Bordtennis tevling
- 14.desember - Bløtkakepynting tevling
- 20.desember - Juleverksted

Jesper.





NM - RASEKANINAR

Idrettshallen på Varhaug kan brukast til så mangt. Helga 12/13. november var Jæren og Sandnes Kaninavslag vertskap for NM både for rasekaninar og kaninhopping, og utstillinga vart offisielt opna av ordføraren.

Over 750 kaninar var påmelde til bedømming og kaninhopp. Her var det kaninar i alle størrelsar, frå dei minste-Dverghare - på under eit kilo til dei største - Belgisk Kjempe - på over åtte kilo. Heile 27 klassar var representerte, og den eg likte best er Engelsk Shecke. Det var 11 dommarar, og her var det 3 frå Rogaland.

Kaninane og utstillarane kom frå desse kaninavslaga: Asker og Omegn, Bergen og Omland, Grenland, Rogaland Haugaland, Indre Østland, Larvik og Sandefjord, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Sarpsborg, Sogn og Fjordane, Sørlandets, Trøndelagen, Rogaland og sist; arrangørlaget Sandnes og Jæren.

Eg stod og såg på då dommarane studerte kaninane både opp og ned, fram og tilbake, strauk dei over pelsen og bruka til og med metermål på dei med lange øyre. Snakk om EU-kontroll! Her skulle ein gje poeng for pels (både kvalitet og tetthet), kroppsform, vekt, rasepreg og presentasjon og farge på både kropp og hovud. Dette måtte ikkje vera ein enkel jobb, men dei såg ut til å ha både rutine og lang fartstid i arbeidet. Utruleg nok, så var det ikkje mange av kaninane som protesterte noko særleg på denne behandlinga.

Sandnes og Jæren Kaninavslag har 50 medlemar, der to i styret kjem frå Varhaug og ein frå Vigrestad. Dei er eit av dei største lokallaga i landet. Litt av ein jobb dei hadde denne helga, og for meg såg dei ut til å ha heile kontrollen. Snakka og med nokre av til tilreisande, og alle let berre vel. Den som hadde reist lengst for å koma til Varhaug, hadde køyrt frå Levanger.

Liv



TENNING AV JULEGRANA



**Det vert tenning av julegrana fredag 25. november kl. 18.00,
med gang rundt treet og vanleg program.**

Skrettingen serverar grøt, som tidlegare år.



Det skjer mykje gildt i Stuelandbygge før jul:

**3. desember kl. 12.00 og utover. Brukt-butikken Manilla, serverar risgraut
Ivar Aase, signerar og sel krimboka si ei veke før jul.**

24. desember kl. 10.30 Fiolin-konsert med Linus





HAUSTFEST I SVALA 4H 2022

I år var det 67 medlemmar som stilte ut prosjektet dei har arbeidd med i løpet av året. Det er ein nedgang frå i fjor, men kvaliteten på prosjekta som blei stilt ut, var veldig god.

Når ein medlem har fullført 7 år (som junior og senior) får han utdelt eit vitnemål og ein plakett. Vitnemålet kan leggjast ved når ein søker jobb, og er ein dokumentasjon på at ein er uthaldande og har arbeidd målretta med prosjektarbeid i 7 år. Mange har også 2 år som aspirant, og dermed 9 år med prosjektarbeid.

Målet i Svala 4H har vore å halda på medlemmane så lenge, at dei når plaketten. Det har vore tynt mellom plakettvinnarane i mange år, men nå ser det ut til å verta fleire kvart år framover. I år var det 2 plakettvinnarar i klubben:

PLAKETTVINNARANE I SVALA 4H 2022

Oline Johnsen, fødd i 2003

(Ho var i Afrika då festen var)

Ho starta i Svala 4H i 2016, og har hatt desse prosjekta:

- Hund

- Redesign (syng)
- Min konfirmasjon
- Med pinnar og garn (strikking)
- Vindu mot verden (reising og solidaritet)
- Friluftsliv
- Høylandsfe.

Oline har vore med i styret i Svala 4H i fleire år, som styremedlem og sekretær.

Marita Ånestad, fødd i 2004

Ho starta i Svala 4H i 2014, og har hatt desse prosjekta:

- Baker`
- Aspirantmat
- Form og fantasi
- Toppturar i Rogaland
- Scrapbooking
- Med pinnar og garn (strikking)
- Kreativ saum
- Brodering
- Friluftsliv

Marita har vore med i styret i Svala 4H dei to siste åra som nestleiar.

Kristin.



HAUSTFEST 4H

28. Oktober ble det endelig tid for haustfest for 4h igjen.

Mange flotte og fine utstillinger som viste fram stor bredde og og variasjon blant 4h-ere. Kjempe god lapskaus fra Skretting og etterpå var det mange gode kaker. Stor takk til flinke damer fra bondekvinnelaget som var gode hjelpere på kjøkkenet. I år var det to som fikk plaketten etter 7 år med prosjekt som junior/senior. Vi hadde åresalg med mange premier.

Takk til alle som bidro til at dette ble en kjemefin og god haustfest.

- Åse Byberg



GILD 4H FEST

I slutten av oktober var eg igjen innbeden til årsfesten. Det har vorte ein del opp gjennom åra. Først var det alle åra eg hadde 4 ungar med i 4H, og seinare har eg vorte beden som redaktør av Varhaugbuen. Det tykkjer eg er gildt. Eg vert like imponert kvar gong over det mangfaldet det er av oppgåve som vert presentert. I år var det til og med ei som hadde engelsk litteratur! Festen gjekk i dei vanlege formene, godt leia av dei unge sjølv, og med utlodning til slutt. Eg vann ei kjempestor fruktkorg, og når ein er aleine var det mange eg måtte dela med for å råd med alt. Utanom frukt var det massevis med sjokolade og snop, så eg hadde «laurdagsgodt» til mange dagar. Liv



UTVIDELSE PÅ FJORDKJØKKEN

Arbeidet med utbyggingen er godt i gang. Herda er totalentreprenør, og har flere underleverandører med seg i arbeidet.

Utbyggingen er en kombinasjon av reinvestering og utvidelse av kapasitet, og det vil bli både nye produksjonslokaler og lager. Første trinn av utbyggingen skal være klar sommeren 2023. Anne Siri.



ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104



4360 VARHAUG

EIT ANNERLEDES MEDLEMSMØTE I BYGDEKVINNELAGET



Torsdag 27. oktober inviterte bygdekvinnelaget til medlemsmøte i grillhytta i Stokkalandsmarka.

26 damer og 2 ungdommer frå 4H møtte opp for å høyra «Eventyrgutten» John Hobberstad fortelja frå turane sine og laga mat til oss. John fortalte levande, men måtte innimellom la damene snakka sjølv slik at maten som han laga over bålet ikkje skulle svi i grytene. Han laga to middagsrettar og dessert til oss, og alt smaka fortreffelig.

Det tek tid å laga så mykje mat på bål, så møte slutta litt seinare enn vanleg. Men, kva gjer vel det når alle var enig om at det hadde vore ein gild kveld!

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

10. februar

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

Her kjem møteplan for bygdekvinnelaget våren 2023

26. januar: Cave and Cube er med oss

23. februar: Kvinnehelse

Mars: Sonemøte på Bore. Dato ikkje fastsett

April: Møte på Bondekompaniet i lag med Hagelaget. Dato ikke fastsett

25. mai: Kultur-tur i bygda

Juni: Dagstur til ??

Ole G
Nord-Varhaug & Co a-s

**Støtt våre
annonsører -
dei støttar oss!**





Datahjelpen.IT as

Vesthagen 2, Bryne
Åpent hverdager 8-17.00

Alt innen datahjelp
til bedrifter og private kunder

**PC / MAC verksted
og
Databutikk i Bryne**



Tlf: 51 48 50 00 - Web: www.datahjelpen.it



**Bonde
Kompaniet**

Lyngsøe varmedress

Vannsøyle 8000 mm.
Pusteevne 3000 mvp.
Tapede sømmer.
Str. XS-4XL. **LR70330607**

699,-
(999,-)

30%
rabatt



Peistønne

100 stk. tennposer i tønne
+ 400 i refill boks.

25%
rabatt

299,-
(399,-)



Hodelykt Morild

LMNTS. 800 Lumen. 300 m rekkevidde.
To lysinnstillinger. Bilkabel, batterilader,
samt 2 batterier på 3000 mAh
medfølger. **LM70046**

399,-
(499,-)



Varhaug, tlf. 51 77 14 70
Mandag-fredag: 8-17, lørdag: 9-14
Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899